

Vågå, 22.3.2023

Høyring – innføring av fem dagars skuleveke for 1. og 2. klasse

Kommunestyret vedtok samråystes i kommunestyremøte 23.2.23 å be kommunedirektøren om å legge fram sak til politisk behandling om fem dagars skuleveke for alle elevane på barneskulen. Saka om fem dagars skuleveke var sist behandla i 2013 der eit fleirtal gjekk inn for å innføre fem dagars skuleveke frå og med 3. klasse, medan 1. og 2. klasse skulle halde fram med fire dagars skuleveke. Sidan 2013 har fleire og fleire kommunar vald å innføre fem dagars skuleveke for alle klassesteg i barneskulen, og i dag er det berre 3 % av alle landets skular som har fire dagars skuleveke for 1. og 2. steget, deriblant Lesja og Vågå.

Ei vurdering av fire kontra fem dagars skuleveke er ikkje berre eit spørsmål om organisering av skulekvardagen og pedagogisk innhald, men gjeld like mykje prinsipielle og overordna samfunnsmessige vurderinger som må drøftast. Dette gjeld m.a. fokus på barns beste gjennom skulen som arena for læring, utjamning og inkludering, tidleg innsats, pedagogisk innhald, heiltids- og deltidskultur, likestilling, økonomi og ressursar. Det vil og vere meininger om at dette påverkar kommunen sitt omdømme som attraktiv tilflyttingskommune for barnefamiliar mv.

Skulen som en arena for læring, utjamning og inkludering

Når ein skal vurdere fire kontra fem dagars skuleveke, er det først og fremst *barns beste* som må vere sjølve grunnlaget i vurderingane. I *Oppvekstreformen* ligg det klare forventningar om kommunane sitt ansvar kva gjeld førebygging og tidleg innsats for barn og unge. Alle barn og unge i Vågå skal oppleve at dei har eit trygt, godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø slik at dei unngår å falle utanfor i skule, barnehage og på fritida. Det er difor viktig å styrke **laget rundt barnet**, noko som fordrar tett samarbeid mellom skule/barnehage, helsestasjon, barnevern, PPT og andre eksterne instansar. I tillegg er det heilt vesentleg med tett og god dialog mellom kommunen og foreldre/føresette. Dette er og eit ledd i arbeidet med å redusere fråfall i vidaregåande skule for å bidra til at unge fullfører ei utdanning som utgangspunkt for eit godt liv og ei god helse.

Det blir brukt store ressursar på å styrke oppfølginga av sårbare barn og barn som strevar. Det gjeld barn som av ulike årsaker ikkje er inkludert i skulen, i leikemiljøet og/eller i samfunnet som er bekymringsfullt. Ulike nemningar eller kategoriseringar brukast om desse barna, for eksempel «barn med spesielle behov», «barn med lærevanskar», «valdsutsette barn», «utagerande barn», eller «barn utsett for mobbing».

I denne samanhengen brukast omgrepene dei sårbare barna om dei barna som treng ekstra oppfølging på skulen. Det er sagt at «barn som ikkje har det godt kan du ikkje lære nokon ting». Difor er sosial inkludering spesielt viktig når vi diskuterer læringsmiljø og læringsutbyte blant sårbare grupper av elevar. Ved at alle barna går på skulen alle dagane, vil ein i større grad bidra til at dei sårbare barna møter trygge vaksne kvar dag, og opplever kontinuitet i oppfølginga og hjelpa dei har behov for. For barn som opplev ustabilitet og

utryggheit i heimesituasjonen vil møtet med trygge føreseielege rammer alle vekedagar verke positivt, kan skulen opplevast som ein trygg arena og fristad.

Difor kan fem dagars skuleveke sjåast i direkte samanheng med *Oppvekstreforamen* og kommunen si tverrfaglege satsing "Laget rundt barnet" for sårbare barn og deira familiar. Når tilsette i skulen møter dei sårbare barna oftare, gjev dette auka moglegheiter for tidleg oppdaging av dei som har behov for hjelp og ekstra oppfølging, og vidare til å samarbeide tverrfagleg og tverrsektorielt kring desse barna for å gje best mogleg hjelp, så tidleg som råd. Dette er tidleg innsats i utvida forstand.

Mange kan oppleve at dei har fine onsdagar med foreldre eller besteforeldre som har tid og ressursar til å fylle dagane med gode og inspirerande aktivitetar saman med barna. Samtidig vil det for mange med ulik tilgang på nettverk og varierande arbeidsforhold vere utfordrande med ein fridag midt i veka. Det er nok ein del som ikkje har moglegheit til å vere aktive med barna denne dagen pga jobb eller av andre grunnar. Andre igjen har ikkje økonomisk moglegheit til å kjøpe plass på SFO denne dagen. For nokre barn kan denne fridagen bli lite innhaldsrik og passiv. Skulen er ein av de viktigaste helsefremjande arenaene vi har i samfunnet, og difor viktig i eit sosialt utjamnings- og folkehelseperspektiv (der hovudmålet er å redusere sosial ulikheit i helse).

Forsking viser at opphold i barnehage og skule er sosialt utjamnande og stimulerande for barn. Dette gjeld spesielt for barn med minoritetsbakgrunn og barn med ein sosialt utfordrande bakgrunn. Fem dagars skuleveke kan bidra til sosial utjamning og gje alle barn eit likeverdig tilbod gjennom heile veka.

Pedagogisk innhald og organisering av fag- og timefordeling

Grunnskulen er delt i to hovudtrinn, barnetrinnet (1. -7. trinn) og ungdomstrinnet (8.-10. trinn), og timane fordelast på dei enkelte trinn lokalt. Elevane har opplæring på skulen i 38 veker per skuleår.

I 1997 blei 6-årsreformen innført med ny læreplan for heile grunnskulen, L-97. 6-åringane skulle få lære gjennom leik sjølv om dei blei skulebarn, og det blei difor sett av tid i fag- og timefordelinga til frie aktivitetar for dei yngste elevane. Fag- og timetalsfordelinga blei seinare endra og det blei sett fokus på grunnleggande ferdighetar i lesing, skriving og rekning jf. *Kunnskapsløftet* i 2006 og *Fagfornyelsen* (LK20) i 2020.

Frå 1997 til 2020 blei det totale timetalet i grunnskulen utvida frå 6966 timer til 7856 timer. Barnetrinnet har fått det meste av styrkinga, frå 4403 timer til 5272 timer, der basisfaga norsk og matematikk har fått størst andel av auken. Om det er fire eller fem dagars skuleveke har ikkje betydning for totalt tal på undervisningstimar pr veke, men timetalet blir meir komprimert og skuledagen lenger kvar dag når ein har fire dagar å fordele timetalet på kontra fem dagar.

Fag- og timefordeling i dag:

	60-min	1.klasse	2.klasse
Norsk	6,6	6,6	
Matematikk	3,75	3,75	
Engelsk	1,5	1,5	
Naturfag	1,7	1,7	
Samfunnsfag	0,75	0,75	
KRLE	0,75	0,75	
Musikk	0,75	0,75	
Kunst og handverk	0,75	0,75	
Mat og helse			
Kroppsøving	1,5	1,5	
Leksetid			
FYSAK			
SUM pr veke	18,05	18,05	
I skuletimar:	24	24	

Målet med auken av timetalet for 1. – 4. årssteg har vore å styrke tilbodet for dei yngste. Kommunen har plikt til å tilby intensiv opplæring for elevar som heng etter i lesing, skriving eller rekning. Ordninga med ein fridag i veka gjev svært komprimerte skuledagar. For dei minste kan seks timer med skule vere krevjande. Pedagogane må difor ta omsyn til dette gjennom dagen. I Stortingsmelding 21 (lærelyst, tidleg innsats og kvalitet i skulen), blir det vektlagt tidleg innsats. Tidleg innsats er avgjerande for å gje alle barn og unge ei opplæring som rustar dei for framtida, og ferdigheitar dei tileignar seg tidleg i livet vil ha betydning for læring seinare i livet. Ikkje minst er det stadig større merksemd mot dei yngste elevane, og det grunnlaget som blir lagt for vidare læring tidleg.

Tilsette i skular med fem dagars skuleveke hevdar det blir lettare for skulane å få eit meir jamt fagleg trykk med pensum fordelt på fleire dagar. Dei siste skuletimane kan vere lite effektive med tanke på læringsutbyte for elevane, då dei er slitne og trøytte etter fleire timer med konsentrasjon. Med skule kvar dag, vil det bli meir moglegheit og rom for leik og fysisk aktivitet inn i skuledagen for dei minste elevane, spesielt på slutten av dagen, og ein meir variert timeplan. I tillegg kan ein legge inn litt lengre matfri slik at dei får meir ro under måltida.

Når onsdagen er fridag blir veka delt i to for dei minste. For nokre er det positivt med eit avbrekk og to skuledagar først og sist i veka. For andre fungerer ikkje dette like bra. Veka kan opplevast som oppstykka, og eleven har ein ny «oppstart» dagen etter fridagen. Det blir difor vanskeleg for eleven å halde samanhengen i læringsarbeidet gjennom veka. Det at dei minste ikkje er på skulen onsdag, gjer og at ein «mister» desse elevane i det sosiale fellesskapet ein dag i veka. Det betyr at det blir ein dag mindre pr veke for skulen til å arbeide med den generelle læreplanen, som omhandlar danning og øving på sosiale ferdigheter saman med medelelevane.

Talet på undervisningstimar pr veke er det same ved både fire- og fem dagars skuleveke. Med undervisninga fordelt på fleire dagar, får lærarane moglegheit til spreie timane over fleire dagar slik at det blir meir luft og dermed tid til andre aktivitetar i timeplanen. Dette kan og bidra til at læraren får betre tid mellom undervisningsøktene, noko som kan gagne elevane.

For pedagogane kan det opplevast at ein ikkje får nytte skuletimane like godt når skuledagen blir lang, og det blir vanskelegare «å halde tråden» saman med eleven gjennom veka. Dersom alle elevane er på skulen kvar dag i skuleveka, vil personalet og i større grad vere til stades kvar dag. Dette gjer det enklare å få til samarbeid, felles planlegging og koordinering i personalgruppa. Skulen vil få ein større fleksibilitet i timeplanlegging og tilrettelegging dersom timane fordelast over fem dagar. Dette vil opne for å kunne legge basisfaga til fyrste del av dagen, som erfaringsmessig er den beste læringsøkta for dei fleste elevane. Eit viktig prinsipp ved fem dagars skuleveke blir å fordele basisfaga norsk og matematikk ut over heile veka slik at det blir undervist i faga kvar dag.

Forskarar hevdar at utelek gjev store gevinstar på fleire område både når det gjeld konsentrasjon, læringsutbyte, samt det psykososiale miljøet på skolen. Dersom ein fordeler timetalet over fleire dagar, kan det leggast til rette for meir utetid midt på dagen, både til organiserte aktivitetar og frileik. Barnehagane i Vågå er i gang med eit utviklingsarbeid med fokus på leik og dei vaksne si rolle i leiken som grunnlag for betre livsmeistring. Dette kan vidareførast inn på småskulesteget, og det ligg godt til rette for denne kontinuiteten med tanke på at tilsette frå barnehagen blir med over til første klasse for å gjere overgangen mellom barnehage og skulen tryggare for elevane.

I følgje opplæringslova er kommunane forplikta til å tilby leksehjelp. Per i dag er dette et tilbod til elevar frå 3.-7. trinn. Dette kan leggast inn som eit tilbod for 1. og 2. steget dersom undervisninga blir fordelt over fem dagar. På den måten kan ein redusere omfanget av heimelekser. Det kan og vere rom for at t.d. kulturskulens *karusell* og ulike fysakaktivitetar kan leggast inn som eit tilbod rett etter at skuledagen er ferdig. For dei som ikkje ønskjer å delta i nokre av desse tilboda, er SFO eit alternativ.

SFO

I dag er det SFO-tilbod om heildag på onsdagane når 1. og 2. steget har fri. Elevar i 1. klasse har krav på 12 timer gratis SFO, og dette vil bli utvida til også å gjelde for elevar i 2. klasse frå hausten 2023. Dersom ein går over til fem dagars skuleveke, vil det kunne medføre auka behov for SFO for dei elevane som ikkje nyttar seg av andre tilbod medan dei ventar på bussen. Korleis bortfall av heildag vil påverke behov og inntekter for SFO er uvisst, da det må sjåast i samanheng med behovet for SFO etter skuletid. I dag er det tilbod om heil plass (over 15 timer per veke) og deltidslass (10 – 15 timer per veke). SFO har ope kvar dag etter skuletid frå 1340-1630 og onsdag frå kl. 0730-1630 for dei som har heil dag. SFO-tilboden ved fem dagars skuleveke har starttid kl. 1340 og sluttid kl. 16.30, som i dag.

Hausten 2021 blei det innført ny nasjonal rammeplan for SFO. Målet var å få ein meir likeverdig skulefritidsordning i heile landet. Samstundes skal det lokale handlingsrommet,

eigenarten og tradisjonane bli ivareteke. Rammeplanen skal legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar, i tillegg til å gje barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Forslag til organisering av fem dagars skuleveke

Det er fleire måtar å organisere fem dagars skuleveke, som til dømes slik:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.00-09.00	Læringsøkt	Læringsøkt	Læringsøkt		Læringsøkt
09.00-09.30	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
09.30-10.30	Læringsøkt	Læringsøkt	Læringsøkt		Læringsøkt
10.30-11.00	Mat	Mat	Mat		Mat
11.00-12.00	Friminutt/ frileik	Friminutt/ frileik	Friminutt/ frileik		Friminutt/ frileik
12.00-13.40	Læringsøkt med - FAL - FYSAK/KRØ /SYM - Leik	Læringsøkt med - FAL - FYSAK/ LEKSETID? - Leik	Læringsøkt med - FAL - FYSAK/ LEKSETID? - Leik		Læringsøkt med - FAL - FYSAK/KRØ /SYM - Leik
13.40-16.30	SFO	SFO	SFO/kulturskule	SFO/ kulturskule	SFO
Tal på und.timar	4,88	4,88	4,88	4,88	4,88

Samla timetal undervisning er 24,4 timer i veka. (I dag er timetalet 24 timer i veka.)

Her er det gode pausar, lang matpause og læringsøkta på slutten av dagen er prega av leik, fysak og leik til læring med Fysisk aktiv læring (FAL). Det totale talet SFO-timar i veka blir her 14,15 timer.

Dette alternativet gjev:

- Lange og gode pausar både først på dagen, etter mat og i læringsøkta på slutten av dagen der fokuset er fysisk aktivitet og leik.
- Uteskuledagen: Her får vi god sosial læring, vi skal vere i lag ute i naturen og vi fyller mange av læringsmåla i Fagfornyelsen (LK20), i tillegg til at vi dekkjer mykje av overordna del av LK20. Elevane blir flinkare til å inkludere kvarandre og dei styrkar dei sosiale dugleikane sine.
- Vi får større rom for frileik og pausar, noko som er viktig for å ta vare på dei som kan falle utanfor. Vi ser elevane på ein annan måte, noko som er verdifullt i skuledagen.

Elevane skal ta med seg iveren til leik frå barnehagen, og da må det leggast til rette for mykje leik, både organisert- og frileik i løpet av skuledagen. Ved å fordele skulen over fem dagar blir det tid til tre gode læringsøkter pr dag og romslege pausar mellom læringsøktene. I siste læringsøkt kan det leggast til rette for mykje bruk av fysisk aktiv læring, undervisningsleik og frileik.

I overordna del av LK20 står det at skulen skal støtte og bidra til elevane si sosiale læring og utvikling gjennom arbeid med faga og i skulekvardagen for øvrig. Sosial læring skjer både i undervisning og i alle andre aktivitetar i regi av skulen. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring.

Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjev moglegheiter til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande. Skulen skal legge til rette for læring for alle elevar og stimulere den einskilde sin motivasjon, lærelyst og tru på eiga meistring. Nyare forsking har også sett sørkjøs på kva frileik og sosialisering har å seie for utvikling av barns identitet og meistringsfølelse.

Heiltid/deltid

Kommunen har ei uttalt målsetting om redusert bruk av deltidsstillingar, men per i dag er det mange kommunalt tilsette med deltidsstillingar. Enkelte kommunalt tilsette har redusert stilling for å være heime med barnet på fridagen, medan andre har redusert stilling pga helse, alder mm. Mange tilsette i deltid gjer det meir krevjande å planlegge for arbeidsgjevar, samstundes som reduserte stillingar også reduserer framtidige sosiale velferdsgode til den einskilde gjennom lågare opptening til pensjon.

I barnehagane i Vågå har 29 av 32 femåringar fulltidslass og går i barnehagen kvar dag. Femåringane er difor godt vande med å gå fem dagar pr veke med til dels lange dagar. Når barna startar på skulen, søker ein del foreldre om redusert arbeidstid for å vere heime med barnet på fridagen, medan andre nyttar seg av SFO. Nokre foreldre ønskjer å jobbe deltid uansett, og det er viktig å legge til rette for at dei som ønskjer det får moglegheita, sjølv om det kan skape utfordringar for arbeidsgjever.

Uansett må kommunar som har som målsetting å auke heiltidskultur, legge til rette for at det faktisk er mogleg å jobbe heiltid, der fem dagars skuleveke er eitt av verkemidla.

Likestilling

Kommunen bør legge til rette for at flest mogleg kan delta fullt ut i arbeidslivet, og tradisjonelt veit ein at det er flest kvinner som er heime i samband med barnepass. Barnepass er slik sett rekna som ein vesentleg faktor for å få eit arbeidsliv med mest mogleg likestilling mellom kjønna. Per i dag er det eit tilbod om SFO på fridagen for 1. og 2. klasse, men det er eit tilbod med ein økonomisk kostnad. Det er vanskeleg å berekne eksakt kor mange dette gjeld, men med fem dagars skuleveke vil behovet for SFO bli redusert og gjennom dette opne moglegheit for at fleire kvinner deltek fullt i arbeidslivet. Imidlertid er det eit viktig signal frå kommunen som arbeidsgjevar at ein legg til rette for individuelle val, som gjev moglegheit for ei utjamning mellom kjønna.



Økonomi/ressursar

Ei endring frå fire til fem skuledagar vil ikkje gje vesentleg auke i driftskostnadene, da det i all hovudsak er timeplanmessige endringar som må til. Fem dagars skuleveke vil innebere ei dreiling av ressursbruk og endra organisering, men oppgåvene vil i all hovudsak framleis kunne løysast innanfor neverande budsjetttrammer. Det kan bli noko ekstra kostnader dersom SFO skal vere eit gratistilbod utover dei sentralt pålagte 12 timane gratis SFO i 1. og 2. klasse.

For kostnader knytt til skuleskyss, blir det noko ekstra kostnader knytt til ein ekstra skyssdag for elevane i 1. og 2. klasse, men det vil ikkje medføre ei vesentleg tilleggskostnad så lenge dei ytre rammene for skuledagen er den same for alle klassestega.

Vågå kommune som attraktiv tilflyttingskommune for barnefamiliar

Det er i dag berre 3 % av skulane i Noreg som har fire dagars skuleveke, og i Gudbrandsdalen er det Nord- og Sør-Fron, Lesja og Vågå som har fire dagars skuleveke. Dei to Fronskommunane er no i prosess for å vurdere innføring av fem dagars skuleveke, så Vågå og Lesja risikerer å stå att som einaste kommunane med fire dagars skuleveke i Gudbrandsdalen.

Vågå ønskjer å stå fram som ein attraktiv og framoverlent kommune for å tiltrekke seg nye innbyggjarar, og da primært barnefamiliar. Det er grunn til å stille spørsmålsteikn ved om yngre med relevant utdanning vil vurdere å busette seg i ein kommune med eit skuletilbod som kan vera til hinder for å delta for fullt i arbeidslivet. Fire dagars skuleveke kan verke negativt på full likestilling heime og i arbeidslivet, og kan vera til hinder for å rekruttere kompetente unge menneske når dei yngste barna ikkje får gå på skulen kvar dag.

Saka om fem dagars skuleveke vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker. Alle kan gje høyringsuttale, men merk at alle uttaler er offentlege etter offentleglova og kan bli publisert.

Høyringsuttale skal sendast postmottak@vaga.kommune.no innan 21. april 2023